

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Planutvalet	26.09.2007	JHB	115/07
Planutvalet	21.11.2007	JHB	136/07
Planutvalet	16.01.2008	JHB	004/08
Planutvalet	25.06.2008	SVT	081/08
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	25.08.2008	SVT	268/08

Avgjerd av: Kommunalsjef Saksbeh.: Sveinung Toft	Ansv. ANB	Arkiv: GBNR-54/13, N-514, N-511	Arkivsaknr 07/679
---	---------------------	---	-----------------------------

SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK – OPPARBEIDING AV VEG PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 13.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	11.04.2007	Tore Inge Bratteteig	VEGARBEID PÅ HUSEBØ.
2	I	11.04.2007	Tore Inge Bratteteig	VEGARBEID PÅ HUSEBØ.
3	U	04.05.2007	Frode Korneliussen; Siren Irene Preto	VEGARBEID PÅ HUSEBØ.
4	I	09.05.2007	Frode Korneliussen; Siren Irene Preto	VEDK. VEGARBEID HUSEBØ.
5	U	28.05.2007	Frode Korneliussen	VEGARBEID PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 13.
6	I	20.06.2007	Frode Korneliussen; Siren Irene Preto	SØKNAD OM DISPENSASJON.
8	U	13.07.2007	Terje Berg Husebø	VEGARBEID PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 13.
9	I	12.08.2007	Terje Berg Husebø	VEGARBEID PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 13.
10	U	19.09.2007	Terje Berg Husebø; Siren Irene Preto; Frode Korneliussen	VARSEL OM SYNFARING - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING AV VEG - GNR. 54, BNR.13 - HUSEBØ.
11	U	02.10.2007	Frode Korneliussen	SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING AV VEG SOM ALT ER BYGD ULOVLEG - GNR. 54, BNR. 13 - HUSEBØ.
12	U	02.10.2007	Terje Berg Husebø	SØKNAD OM DISPENSASJON FOR

				BYGGING AV VEG SOM ALT ER BYGD ULOVLEG - GNR. 54, BNR. 13 - HUSEBØ.
13	I	23.10.2007	Frode Korneliussen	KLAGE TIL FYLKESMANNEN PÅ VEDTAK
15	U	23.11.2007	Terje Berg Husebø; Siren Irene Preto; Frode Korneliussen	KLAGE PÅ VEDTAK I SAK PLU.115/07 - VEG PÅ HUSEBØ - GNR. 54, BNR. 13.
16	I	13.12.2007	Frode Korneliussen	KLAGE PÅ PLU.VEDTAK 115/07 - VEGARBEID PÅ HUSEBØ.
18	U	21.01.2008	Frode Korneliussen	KLAGE PÅ VEDTAK I SAK PLU.136/07 - VEG PÅ HUSEBØ - GNR. 54, BNR. 13.
19	I	24.01.2008	Per Storlid AS	SØKNAD OM OPFØRING AV VEG.
20	I	26.01.2008	Per Storlid AS	SØKNAD OM ANSVARSRETT KONTROLLPLAN.
21	I	26.01.2008	Per Storlid AS	SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING.
23	U	28.04.2008	Hordaland fylkeskommune Kommunesamarbeid; Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga	SØKNAD OM DISPENSASJON FOR ETABLERING AV GANGVEG PÅ HUSEBØ - GNR. 54, BNR. 13.
25	U	01.07.2008	Hordaland fylkeskommune Kommunesamarbeid; Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga	SØKNAD OM DISPENSASJON FOR ETABLERING AV GANGVEG PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 13.
24	U	01.07.2008	Per Storlid AS	SØKNAD OM DISPENSASJON FOR ETABLERING AV GANGVEG PÅ HUSEBØ, GNR. 54, BNR. 13

Vedlegg.

Saksutgreiing:

Det er bygd ein tilkomstveg til hytte på gnr. 54 bnr.35 på Husebø. Tilkomstvegen går over hovudbruket gnr. 54 bnr. 13.

Vegen ligg i LNF område. Vegen har ei lengd på om lag 130m og ein bredde på mellom 3,0-4,0m. Vegen er hovudsaklig lagd på duk over eit myrområde. Vegen starta frå tidlegare bygd felles parkeringsplass for hyttene i området og fram til hytta på gnr. 54 bnr. 35 .

Tiltaket er av eit slikt omfang at dersom det skal godkjennast både krevst dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og godkjenning etter Plan- og bygningslova § 93a.

Tiltaket vart registrert i vår som eit ulovleg utført tiltak. Tiltakshavar fekk melding om dette i brev av 04.05.07. Ein fekk attendemelding frå tiltakshavar med ei forklaring/årsaking for utført arbeid.

Meland kommune orienterte tiltakshavar i brev av 28.05.07 om regelverket m.m.

Tiltakshavar søkte om dispensasjon for arealdelen i kommuneplanen i brev av 19.06.07.

Sidan tiltakshavar ikkje hadde sendt nabovarsel eller fått løyve av grunneigar orienterte kommunen grunneigar i brev av 13.07.07.

Grunneigar svara på brevet 14.08.07. Grunneigar godkjenner ikkje at det her vert bygd nokon veg. Han meiner at hytteeigaren må kunne nytte stien til hytta slik som før og på same måte som dei andre hytteeigarane i området.

Vurdering:

Ein føresetnad for å kunne godkjenne omsøkt tiltak og eventuelt gi dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen må vera at grunneigaren gir løyve til omsøkt bruk. Sidan grunneigar ikkje ynskjer denne vegen, bør vegen fjernast og terrenget attendeførast best mogeleg i høve til det var før tiltaket vert utført.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

” Planutvalet ser på tiltaket som eit ulovleg tiltak. Sidan grunneigar ikkje vil gi løyve til tiltaket over sin grunn, ser planutvalet ingen grunn til å vurdere omsøkt dispensasjon. Søknaden om dispensasjon vert derfor avvist grunna manglande godkjenning frå grunneigar. Tiltakshavar får pålegg om å fjerna ulovleg tiltak snarast og innan 01.01.2008. Dersom det ikkje blir gjort, vil tiltakshavar bli pålagd tvangsmulkt med ein storleik på kr. 1.000,- pr. dag rekna frå 01.01.08 inntil ulovleg tiltak er fjerna og terrenget er attendeført til slik det var før tiltaket vert gjort. Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova § 113 og § 116a. ”

26.09.2007 PLANUTVALET

Det vart føreteke synfaring.

PLU-115/07 SAMRØYSTES VEDTAK:

” Planutvalet ser på tiltaket som eit ulovleg tiltak. Sidan grunneigar ikkje vil gi løyve til tiltaket over sin grunn, ser planutvalet ingen grunn til å vurdere omsøkt dispensasjon. Søknaden om dispensasjon vert derfor avvist grunna manglande godkjenning frå grunneigar. Tiltakshavar får pålegg om å fjerna ulovleg tiltak snarast og innan 01.01.2008. Dersom det ikkje blir gjort, vil tiltakshavar bli pålagd tvangsmulkt med ein storleik på kr. 1.000,- pr. dag rekna frå 01.01.08 inntil ulovleg tiltak er fjerna og terrenget er attendeført til slik det var før tiltaket vert gjort. Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova § 113 og § 116a. ”

PLANUTVALET, 21.11.07

Vedlegg.

Saksutgreiing:

Planutvalet vedtok i sak 115/07 å avvise å vurdere dispensasjon for ulovleg bygd veg, då grunneigar av vegen ikkje hadde gitt løyve til slik bygging.

Tiltakshavar har nå klaga på dette vedtaket.

Som ny opplysing i saka vert det nå lagd fram avtale mellom tiltakshavar og grunneigar, om at tiltakshavar får løyve til å ha vegen liggjande slik som han nå er bygd. Grunnlaget for avvingsvedtaket er då borte.

Saka må derfor handsamast som ei vanleg dispensasjonssak frå arealdelen etter Plan- og bygningslova § 20-4 med heimel i Pbl. § 7.

Omsøkt ulovleg bygd veg ligg i LNF-område. Vegen er tilkomstveg til ei hytte. Frå før var det her ein felles veg fram til ein felles parkeringsplass for fleire hytter. Frå parkeringsplassen er det stiar fram til hyttene. Denne ordninga har fungert tilfredstillande heilt sidan hyttene var bygd.

Vegen som nå er bygd frå felles parkeringsplass og inn til gnr. 54 bnr.35 over bnr. 13, har ei lengd på 130m og ei breidde på om mellom 3,0 til 4,0m. Vegen er gruslagd og har ein standard som er langt over det ein vanlegvis har fram til ei einskild hytte.

Vegen går gjennom eit naturlandskap som fram til nå har vore lite råka av utbygging.

Vurdering:

Bygd veg er eit ulovleg tiltak. Frå felles parkeringsplass var det tidlegare ein 130m lang sti som hytteeigar nytta. Slike stiar har og dei andre hyttene i området.

Tiltaket endrar landskapsinntrykket i området slik at området sin landskapsverdi er redusert. Sjølv om vegen vil gjera det lettare å kome fram til hytta, er ikkje det nokon grunn å byggja så brei veg. Dersom det var naudsynt med noko betre tilkomst til hytta kunne dette vore ordna med ein enkel opprustning av tidlegare sti eventuelt med ein mykje enklare veg.

Dersom det vert gitt dispensasjon her vil det og kunne skape presedens for tilsvarende vegtilkomst for dei andre hyttene i området.

Ein som har bygd ulovleg bør heller ikkje få noko gode av ulovleg bygging.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Planutvalet syner til nye opplysingar i saka. Avvisingstiltaket gjort i sak 115/07 fell derfor bort, grunna nye opplysningar i saka der eigar av området nå har gitt løyve til å byggje veg over området.

Planutvalet handsamar derfor saka som ein dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen. Hytta har, då ho vart godkjent, fått løyve til felles parkeringsplass saman med andre hyttene i området, samt sti frå parkeringsplassen fram til hyttene. Planutvalet meiner at denne løysinga framleis er teneleg, eventuelt kan stien få noko utbetring.

Den ulovleg bygde vegen er eit stort inngrep i naturområdet. Dette inngrepet er i strid med kommuneplanen sin arealdel. Planutvalet kan ikkje sjå at det her ligg føre særlege grunnar for å gi dispensasjon. Søknaden vert derfor avslått.

Ulovleg bygd vei må fjernast, og terrenget må så godt som råd er, attendeførast slik det var før vegen vart bygd. Dette må gjerast snarast og innan 01.01.2008. Dersom fristen ikkje vert halde, vil tiltakshavar dvs. eigar av gnr. 54 bnr. 13, bli innkrevd ei tvangsmulkt på kr 1 000,- per dag, inntil det ulovlege tiltaket er fjerna og oppryddinga er godkjent av kommunen.

Vedtaka er gjort med heimel i Plan- og bygningslova § 20-6 vedk. dispensasjonen, Plan- og bygningslova § 113 vedk. pålegg om fjerning av ulovleg tiltak og Plan- og bygningslova § 116a vedk. pålegg om tvangsmulkt.”

21.11.2007 PLANUTVALET

PLU-136/07 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Planutvalet syner til nye opplysingar i saka. Avvisingstiltaket gjort i sak 115/07 fell derfor bort, grunna nye opplysningar i saka der eigar av området nå har gitt løyve til å byggje veg over området.

Planutvalet handsamar derfor saka som ein dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen. Hytta har, då ho vart godkjent, fått løyve til felles parkeringsplass saman med andre hyttene i området, samt sti frå parkeringsplassen fram til hyttene. Planutvalet meiner at denne løysinga framleis er teneleg, eventuelt kan stien få noko utbetring.

Den ulovleg bygde vegen er eit stort inngrep i naturområdet. Dette inngrepet er i strid med kommuneplanen sin arealdel. Planutvalet kan ikkje sjå at det her ligg føre særlege grunnar for å gi dispensasjon. Søknaden vert derfor avslått.

Ulovleg bygd vei må fjernast, og terrenget må så godt som råd er, attendeførast slik det var før vegen vart bygd. Dette må gjerast snarast og innan 01.01.2008. Dersom fristen ikkje vert halde, vil tiltakshavar dvs. eigar av gnr. 54 bnr. 13, bli innkrevd ei tvangsmulkt på kr 1 000,- per dag, inntil det ulovlege tiltaket er fjerna og oppryddinga er godkjent av kommunen. Vedtaka er gjort med heimel i Plan- og bygningslova § 20-6 vedk. dispensasjonen, Plan- og bygningslova § 113 vedk. pålegg om fjerning av ulovleg tiltak og Plan- og bygningslova § 116a vedk. pålegg om tvangsmulkt.”

PLANUTVALET, 16.01.08

Vedlegg.

Saksutgreiing:

Planutvalet vedtok i sak 136/07 ikkje å gi dispensasjon for ulovleg bygd veg fram til hytte på gnr. 54 bnr. 35 over gnr. 54 bnr. 13. I tillegg påla planutvalet tiltakshavar å fjerna ulovleg utført arbeid med ein frist til 01.01.2008 og med tvangsmulkt på kr 1 000,- per dag dersom tiltaket ikkje var fjerna til den tid.

Tiltakshavar dvs. eigar av gnr. 54 bnr. 35 har v/Frode Korneliussen påklaga vedtaket.

I klagen seier tiltakshavar seg lei for at saka ikkje har vore korrekt handsama frå tiltakshavar si side. Tiltakshavar presiserer at tiltaket ikkje var gjort bevisst for å ta seg til rette, sjølv om kommunen kan ha oppfatta det slik.

Tiltakshavar kjem i klagen sin fram med ynskje om ei løysing som han vonar kommunen kan godta, slik at kommunen då kan endra sitt vedtak i sak 136/07 og tiltakshavar då kan trekkje klagen.

Løysinga går ut på at tiltakshavar reduserer vegbredda til 1,5-2,0m ved at jord/torv på begge sider av vegen vert ført inn på vegen, slik at tiltaket blir meir dempa i terrenget. Klagar syner her til møte med ein representant frå tiltakshavar som møtte kommunen sin administrasjon 27.11.07 og orienterte om korleis dette kunne gjerast.

Det vert derfor søkt om dispensasjon for ein smalare veg. Vidare vert det bede om at klagen får oppsetjande verknad, med høve til gjennomføring av tiltaket med tvangsmulkt m.m. Det vert her synt til forvaltningslova sin § 42.

Vurdering:

Klagen kom inn innan fristen og klagar er part i saka. Klagen vert derfor realitetshandsama etter forvaltningslova sitt regelverk.

Vurdering av oppsetjande verknad. Det er rimeleg å gi oppsetjande verknad for gjennomføring av vedtaket då ei klagesak hjå Fylkesmannen tar inntil 6 mnd. Tiltakshavar måtte då gjennomført vedtaket før klagen vart prøvd for å unngå ei tvangsmulkt på kr 180 000,- .

Vurdering av å endra tiltaket slik at vegen vert omgjort til ein gåsti/veg på mellom 1,5 til 2,0 m. Ei slik løysing må sjåast på som ei ny sak. Tiltakshavar må då sende ny søknad om dispensasjon med naudsynt dokumentasjon m.m. Planutvalet kan gi signaler om at ei slik løysing vil bli vurdert og dermed utsetje sitt vedtak i sak 136/07 til dette nye tiltaket vert vurdert.

Dersom planutvalet meiner at det ikkje er aktuelt å sjå på saka på nytt, bør planutvalet vurdere klagen på vanleg måte og sende denne til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med bakgrunn i denne vurderinga har administrasjonen formulert 2 alternative vedtak:

Alt 1.

”Planutvalet vil vurdere saka på nytt med bakgrunn i redusert tiltak med ein 1,5-2,0 m gåsti. Det må sendast inn ny søknad med nytt nabovarsel og med god dokumentasjon på korleis dette kan gjerast slik at inngrepet vert minst mogleg synleg i terrenget. Det kan vera aktuelt med ein tilgrodd sti.

Gjennomføringa av vedtaket i sak 136/07 vert derfor utsett til ny søknad vert vurdert. Ny søknad må vera levert kommunen innan 1.febr. 2008.”

Alt 2.

”Planutvalet ynskjer ikkje å vurdere ny søknad med eit redusert tiltak .Søknad om oppsetjande verknad for gjennomføring av vedtaket og klagen vert derfor handsama.

Grunna lang klagehandsaming hjå Fylkesmannen, når det gjeld klagesaker, finn kommunen det urimeleg å ikkje gi oppsetjande verknad for gjennomføring av vedtaket. Vedtaket i sak 136/07 vert derfor gitt oppsetjande verknad, slik at vedtaket ikkje vert gjennomført før Fylkesmannen har gjort avgjort klagesaka.

Planutvalet meiner at klagar ikkje har kome med nye opplysingar i saka som planutvalet ikkje kjende til før, og som eventuelt ville føre til at kommunen ville endre eller omgjere vedtaket i sak 136/07. Kommunen opprettheld derfor vedtaket og tilrår for Fylkesmannen at klagen ikkje vert tatt til følgje.”

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Planutvalet drøftar saka”

16.01.2008 PLANUTVALET

Planutvalet drøfta saka.

Administrasjonen hadde formulert to alternative forslag til vedtak.

Alt 1.

”Planutvalet vil vurdere saka på nytt med bakgrunn i redusert tiltak med ein 1,5-2,0 m gåsti. Det må sendast inn ny søknad med nytt nabovarsel og med god dokumentasjon på korleis dette kan gjerast slik at inngrepet vert minst mogeleg synleg i terrenget. Det kan vera aktuelt med ein tilgrodd sti.

Gjennomføringa av vedtaket i sak 136/07 vert derfor utsett til ny søknad vert vurdert. Ny søknad må vera levert kommunen innan 1.febr. 2008.”

Alt 2.

”Planutvalet ynskjer ikkje å vurdere ny søknad med eit redusert tiltak .Søknad om oppsetjande verknad for gjennomføring av vedtaket og klagen vert derfor handsama.

Grunna lang klagehandsaming hjå Fylkesmannen, når det gjeld klagesaker, finn kommunen det urimeleg å ikkje gi oppsetjande verknad for gjennomføring av vedtaket. Vedtaket i sak 136/07 vert derfor gitt oppsetjande verknad, slik at vedtaket ikkje vert gjennomført før Fylkesmannen har gjort avgjort klagesaka.

Planutvalet meiner at klagar ikkje har kome med nye opplysingar i saka som planutvalet ikkje kjende til før, og som eventuelt ville føre til at kommunen ville endre eller omgjere vedtaket i sak 136/07. Kommunen opprettheld derfor vedtaket og tilrår for Fylkesmannen at klagen ikkje vert tatt til følge.”

Framlegg til vedtak frå Lars Barstad (V), Alternativ 2.

Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen (FrP), Alternativ 1.

Avrøysting:

Alternativ 2 fekk 1 røyst for (V) og fall.

Alternativ 1 fekk 6 røyster for (H, AP, 2 FrP, SP, KrF) og er såleis vedteke.

PLU-004/08 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

”Planutvalet vil vurdere saka på nytt med bakgrunn i redusert tiltak med ein 1,5-2,0 m gåsti. Det må sendast inn ny søknad med nytt nabovarsel og med god dokumentasjon på korleis dette kan gjerast slik at inngrepet vert minst mogeleg synleg i terrenget. Det kan vera aktuelt med ein tilgrodd sti.

Gjennomføringa av vedtaket i sak 136/07 vert derfor utsett til ny søknad vert vurdert. Ny søknad må vera levert kommunen innan 1.febr. 2008.”

PLANUTVALET, 25.06.2008

Vedlegg.

Saksutgreiing:

Det er i dokument stempla motteke 29.01.08 kome inn søknad om dispensasjon for å etablera ein gangveg/sti frå parkeringsplassen og fram til hytta på gnr. 54 bnr. 13. Søknaden betyr at den ulovleg bygde vegen skal få redusert breidde til 1,5 – 2 meter. Som grunngeving for å få dispensasjon for gangveg vert det vist til at tilkomsten til hytta er vanskeleg på grunn av myra, og at det er mange som nyttar hytta. Kantane på gangvegen skal verta dekkja med stadlege masser til slutt. Når gangvegen er etablert skal det sendast inn situasjonskart med innmålte koordinater som viser vegkantane.

Vurdering:

Det er no søkt om dispensasjon for gangveg/ sti i samsvar med vedtaket planutvalet fatta i sak 004/08.

Planutvalet kan dispensere frå reglane gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova når "særlege grunnar" ligg føre, jf. pbl § 7. Er dette minstevilkåret oppfylt, er det ei skjønsmessig vurdering om dispensasjon skal gjevast, jf. ordet "kan" i lova..

"Særlege grunnar" vil etter praksis liggje føre dersom dei omsyn regelen er meint å ivareta ikkje vert skadelidande om dispensasjon vert gjeve, eller ei overvekt av interesser talar for det omsøkte tiltaket. Ingen har krav på dispensasjon, og det skal ikkje vere kurant å dispensere.

Sivilombudsmannen har uttalt følgjande om dette i årsmeldinga for 1997 s. 292. *"For at lovvilket "særlege grunner" skal være oppfylt, må det foreligge spesifiserte, klare grunner som etter en konkret vurdering er av en slik tyngde at de kan slå igjennom overfor de hensyn bestemmelsen i plan- og bygningsloven er ment å ivareta"*

Ved vurdering av om det er grunnlag for å gje dispensasjon frå kommuneplanen skal kommunen vurdere om tiltaket er i strid med dei omsyn kommunen, som planstyresmakt, er sett til å ivareta. Dersom tiltaket er i strid med slike omsyn, er ikkje grunnlaget for å gje dispensasjon til stades, jamfør plan- og bygningslova § 7. *Dispensasjon.*

Administrasjonen meiner at sidan saka no gjeld ein gangveg på mellom 1,5 - 2 meter, ligg det føre ei overvekt av omsyn som talar for å gje dispensasjon. Det vert vektlagt at tilkomsten elles er vanskeleg og at ein gangveg i mindre grad vil påverka registrerte natur-, kultur- eller miljøinteresser eller andre offentlege omsyn kommunen skal ivareta. Det bør etter administrasjonen si vurdering setjast krav om at det skal sendast inn kartkoordinatar over gangvegen når det er ferdig etablert, samt ein frist på 3 månader for å gjennomføra tiltaket. Dette for å sikra at tiltaket vert gjennomført snarast, slik at den ulovlege bilvegen vert retta/endra til ein gangveg. Det bør og presiserast at gangvegen ikkje skal ha breidde over 1,5 meter, då ein slik breidde vil redusera tiltaket sin påverknad i landskapet.

Før planutvalet kan fatta endeleg vedtak, vert den i brev av 28.04.08 sendt på høyring til regionale instansar på vanleg måte. Det er ikkje kome inn merknad i laupet av høyringsperioden. Vert det gjeve dispensasjon må tiltaket seinare handsamast som byggjesak i medhald av reglane knytt til plan- og bygningslova sin § 93 m.fl.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Planutvalet syner til saksutgreinga, og ser at dei ”særlege” grunnane som krevst for å kunne gje dispensasjon i slike saker, er til stades, jf. plan- og bygningslova § 7.

Dispensasjonen er på vilkår om at gangvegen skal ha ein breidde på inntil 1,5 meter og at tiltaket skal gjennomførast innan 3 månader etter godkjenning etter plan-og bygningslova sin § 93. Det må og sendast inn situasjonskart med kartkoordinatar når tiltaket er ferdiggjort.”

25.06.2008 PLANUTVALET

Framlegg til vedtak frå Lars Barstad (V):

”Planutvalet ynskjer ikkje å vurdere ny søknad med eit redusert tiltak .Søknad om oppsetjande verknad for gjennomføring av vedtaket og klagen vert derfor handsama.

Grunna lang klagehandsaming hjå Fylkesmannen, når det gjeld klagesaker, finn kommunen det urimeleg å ikkje gi oppsetjande verknad for gjennomføring av vedtaket. Vedtaket i sak 136/07 vert derfor gitt oppsetjande verknad, slik at vedtaket ikkje vert gjennomført før Fylkesmannen har gjort avgjort klagesaka.

Planutvalet meiner at klagar ikkje har kome med nye opplysingar i saka som planutvalet ikkje kjende til før, og som eventuelt ville føre til at kommunen ville endre eller omgjere vedtaket i sak 136/07. Kommunen opprettheld derfor vedtaket og tilrår for Fylkesmannen at klagen ikkje vert tatt til følgje.”

Avrøysting:

Framlegget til vedtak frå Lars Barstad fekk 1 røyst (V) og fall.

Framlegget til vedtak fra administrasjonen fekk 6 røyster og er såleis vedteke.

PLU-081/08 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

”Planutvalet syner til saksutgreinga, og ser at dei ”særlege” grunnane som krevst for å kunne gje dispensasjon i slike saker, er til stades, jf. plan- og bygningslova § 7.

Dispensasjonen er på vilkår om at gangvegen skal ha ein breidde på inntil 1,5 meter og at tiltaket skal gjennomførast innan 3 månader etter godkjenning etter plan-og bygningslova sin § 93. Det må og sendast inn situasjonskart med kartkoordinatar når tiltaket er ferdiggjort.”

DELEGASJONSVEDTAK 25.08.2008 LØYVE TIL TILTAK.

Eigedom: 54/13 og 54/35

Tiltakshavar: Frode Korneliussen

Ansvarleg søkjar: Per Storlid AS

Planstatus: LNF-område

Søknad om: Gangveg

Saksutgreiing:

Saka er omtalt ovanfor i samband med dispensasjon m.m.
Det vert elles vist til eittrinnsøknad stempla motteke 29.01.08 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av gangveg over gnr.54 bnr.13 fram til gnr. 54 bnr. 35 på Husebø.

Nabovarsel er sendt. Ingen merknader er motteke.

Naudsynte søknader om ansvarsrettar ligg føre.

Vurdering:

Tiltaket er i samsvar med vedtak gjort i planutvalet i sak 081/08. Administrasjonen har vurdert byggjesøknaden og har ikkje merknad til den. Søknaden kan difor godkjennast etter plan- og bygningslova sin § 93 a på delegasjon og på dei vilkår planutvalet har sett.

Naudsynte ansvarsrettar vert godkjent slik dei ligg føre.

VEDTAK:

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 93a løyve til bygging av gangveg på gnr.54 bnr.13 og 35 av Husebø i samsvar med søknad stempla motteke 29.01.08.

Det vert vist til vedlagte kart stempla motteke 29.01.08.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak. Det er eit vilkår at gangvegen får ei maksimumsbreidde på inntil 1,5 meter og at tiltaket skal gjennomførast innan 3 månader etter godkjenning etter plan- og bygningslova sin § 93. Det må og sendast inn ferdigmelding saman med situasjonskart med kartkoordinatar når tiltaket er ferdiggjort

Ansvarsrett vert godkjend slik som omsøkt, jf pbl kap XVI om ansvar og kontroll m m, forskrift om føretak for ansvarsrett.

Innbetaling av kommunale gebyr må gjerast før tiltaket vert påbyrja.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Om rett til å klaga, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

Rett utskrift

Dato: 25/5-08
Anny Bastesen
Kommunalsjef

Kopi til:

Frode Korneliussen
Per Storlid AS
Siren Irene Preto
Terje Berg Husebø

